# Litle Isak og den store verda



Helene Børnes
Anne Børnes Klepsvik
Hanna H. Øvretveit

Kopiert av:
Britts Kopibutikk AS
Sartor Storsenter



Trist

Uro

Åleine



Einsam

Ein å snakke med

Noko er gale

Ønskjer ein ven



Isak Isbjørn sperrer opp augo.

Sveitten renn. Renn som smelta is som sklir ned langs bratte fjellsider.

Pusten er tung. Pelsen klam.

Det er noko som ikkje stemmer.

Iskalde isfjell flyt forbi vindauget til Isak.

Dei glinsar som kråkesølv og som havoverflata der sola treff.

Han skimtar noko fjernt i horisonten…



Post-Walter er kuleisglad som vanleg, men det er noko iskaldt i blikket hans som Isak ikkje likar.

Han ser uroleg ut.

Kva kan det vere?






Isak lar auga gli over eit av oppslaga.

Kroppen hans blir varm og kald om kvarandre.

Han orkar ikkje eingong å lese heile teksten.

I magen hans kjennest det som om eit MEGAMULTIKJEMPESVÆRT




cruiseskip smell inn i eit ultraliteminismått isfjell, og alt eksploderar med eit

kjempesmell!

Augelokka til Isak blir like **tunge** som post-isfjellet,

og dei klemmar seg saman som to isbjørnar som

ikkje har sett

kvarandre

på lenge.




Det surrar
Og surrar
Og surrar
Og surrar
Taxi
DIESEL
BENSIN
melk


Kvar er eg? tenkjer Isak Isbjørn.
Han kjenner seg ikkje igjen.
Og kva i alle isbergas namn er dei lange
brune og grøne dingsane som står der?
Så mange fargar! Alle dei rare lydane og luktene.




Det er så **varmt** her.

Det kjem noko **susande** mot han.

sak held nesten ikkje ut.

Dei STORE labbane hans mister bakkekontakten, og det snurrar så han held på å spy.




Isak landar under ei GIGANTISK jernkjempe.
Ei blanding mellom hårspray og nysteikte bagettar borar seg straks inn i nasebora hans.

Den sterke parfymelukta får heile nasa til å kitle.
Han kjenner trykkjet byggje seg opp i nasa, og plutseleg...

Snurrar det rundt for han igjen.

STORE, **skumle** boksar susar forbi Isak som hagl

når det stormar for fullt.

ei har farge som den vakre morgonsola, men

gar lyd som kjeftande kvalar.




Isak veit ikkje kvar han er, eller kvifor han i det
heile tatt har hamna der.
Men ein ting veit han.
Desse stadene er ikkje nokon plass for ein isbjørn
bu.
Den snurrandesurrande følelsen kjem att.
EMPIRE STATE



Unnskyld meg, men kva er denne plassen?”

“**Hjelp!** Korleis vågar du å skremme savannen sin eigen konge? Stikk av! Dette er ikkje ein stad for ein bleikfis som deg!”


I det den svimlande følelsen som rammar den
pelslagde kroppen til Isak forsvinn, kjenner han
seg svevande.
Augo hans streifar noko kjent.
Noko som han veit han har sett før...


Denne gongen les han heile artikkelen.
Han trur ikkje det er sant!
Han som hadde vore så uroleg!
Om 100 år
Paris
Great Barrier Reef fra Verdsrommet
Farlege villdyr i regnskogen

Isak sperrar opp augo.



Denne gongen køyrer skipet rett forbi isfjellet.

Isak vil hoppe av glede!

Han har enda ein sjanse til å redde heimstaden sin.

Faktisk har han **hundre år** på seg!




Eksosen i New York
Nedhogging av regnskogen
All hårsprayen i Paris
Bosset ved Great Barrier Reef


Det er mykje å gjere, men han vil ikkje klare det åleine...





Sponsa av:
Sparebanken
Vest

